



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
01.03.2016
Dykkar dato
12.02.2016

Vår referanse
2016/2033 421.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy - Gnr. 24 bnr. 236 - Bø - Uttale til dispensasjon til planering av eigedom

Vi viser til brev av 12.02.2016 med høyringsfrist 11.03.2016.

Saka gjeld søknad om heving og planering av nausttomt. Tomta har tidlegare vore bebygd med naust. Murar etter naust står att og søker ynskjer å jamne ut området mellom murane. Vidare føremål med tomta er å heve den over flomålet, slik at den kan brukast.

Eigedomen ligg i område som etter kommuneplan for Radøy kommune har arealføremål byggeområde for bustad. Arealføremål i sjø er hamn. Det er krav til utarbeiding av reguleringsplan. Tiltaket er ikkje i strid med fastsett byggegrense mot sjø.

Fylkesmannen si vurdering

Slik Fylkesmannen forstår saka er føremålet med planeringa at tomta på sikt skal brukast som nausttomt. De skriv at det må dispenserast frå plankrav. Vi meiner at det også er naudsint med dispensasjon frå føremål bustad. Sjølv om naust kan karakteriserast som eit uthus er det ikkje ein del av arealføremålet bustad. Kommuneplanen har eit eige føremål for naust.

I søknad om dispensasjon er det peika på at tomta er del av tiltenkt naustområde i framlegg til områdeplan for Bøvågen. Denne planen er ikkje vedtatt og det vert ikkje opna for nye naust i det aktuelle naustområdet. Fylkesmannen meiner det er naturleg å vente med planering av nausttomt til planarbeidet for Bøvågen er ferdig. Dette for å avklare om det er ønskeleg med fleire naust her.

Fylkesmannen rår derfor ifrå ein dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.